



AURLANDSDALEN

Forslag til 3-dagers tur gjennom Aurlandsdalen



1. Finse – Geiterygghytta, 5 timar – Frå juli

Over jernbanelina ved stasjonen, vidare på vestsida av Jomfrunet og på bru over Finseåni. Ein avstikker til Sankt Pål, namnsett av Lord Garvagh d.e. kan anbefalast. Utsyn over Gausta, Hardangerjøkulen og deler av Jotunheimen. Ruta går vidare mot Bakkahelleren. I nedstigninga vil du passere ei dyregrav. Gå vidare på sørsida av vassdraget til Geiterygghytta.



2. Geiterygghytta – Stemmerdalen (Steinbergdalen), 3 timar

Gå stien opp frå anleggsvegen nord for hytta og i stigninga på vestsida av Sundhellerskarvet. Her er sti skilje for ruta til Kongshelleren og Lungsdalen. Ruta til Steinbergdalshytta held fram nordover og kryssar Rausdalen. Deretter ein ny stigning vest for Bolhovd til Breibakka. Her har du flott utsyn utover Stemmerdalen. Ta stien på skrå nedover fjellsida til Steinbergdalshytta. Steinbergdalen turisthytte er stengt. Moglegheit for å ta lokalbuss til Østerbø viss man ønskjer å avslutte turen her. Sjå www.ruteinfo.net



3. Stemmerdalen (Steinbergdalen) – Østerbø, 4 timar

Ruta går opp i skråninga nord for hytta og vidare oppover fjellsida med fint utsyn utover Stemmerdalen. Ved inntaksdammen ved Grøna kjem stien inn på ei eldre rute. Vidare på bru over Grøna, opp forbi Grønestøl og ned til Østerbø Fjellstove og Østerbø Turisthytte.



4. Østerbø – Vassbygdi, 6 timar – Frå slutten av mai

Fotturen er viden kjent. Gå forbi den gamle kyrkjegarden og på bru over Langedøla, forbi Viki til den tidlegare velkjente Nesbøgalden, opphaveleg skrøpelege loddrette og vannrette stigar, som vart festa til sprekkar i fjellet. Seinare sprenge dei ut ein brei sti i stupet langs Nesbøvatnet. Stien fører oss forbi Nesbø, som ligg vakkert til ved Nesbøvatnet. Vegskilje ved Tirtesva som var den opprinnelege ruta. Den øvre ruta er no restaurert, og gjev eit mektigare utsyn enn ruta langs elva. Til di hjelp er det sett opp rekkverk og trappetrinn i den bratte nedstigningen frå Bjønnstigvarden. Turen går vidare forbi Svartatjødn. Me anbefalar ein avstikker til grotta «Vetlahelvet» vest for stien. Ned til elva att og langs den til bru over Veivdalselvi og opp til garden Sinjarheim, bebudd til 1921 og no restaurert. Undervegs passerar me den vesle garden Almen med huset som er bygd innunder ei stor fjellblokk. Vidare langs elva til Belle øvst i Vassbygdi. Bussrute til Aurland/Flåm/Bergen og austover til Østerbø, Stemmerdalen (Steinbergdalen), Geiteryggen.

Informasjon

For nærare informasjon om overnattingstilbud i Aurland/Flåm, ruter og aktivitetar:

Kontakt Flåm Turistinformasjon

Tlf. +47 95 43 04 14
info@sognefjord.no • www.sognefjord.no

Overnattingstilbud i Aurlandsdalen

Østerbø Fjellstove Tlf. +47 57 63 11 77

post@aurlandsdalen.com • www.aurlandsdalen.com

Østerbø Turisthytte Tlf. +47 57 63 11 41

ingeos@online.no • www.osterbo-turisthytte.no

Begge hyttene er private, men gjev rabatt til DNT medlemmar.

www.aurlandsdalen.no

Velkomen til Aurlandsdalen • Natur - Historie - Kultur

Transport

Turisthyttene ligg ved FV 50 Hol – Aurland.

Buss Flåm - Aurland - Hallingdal i sommersesongen.

www.ruteinfo.net

Turkart Aurlandsdalen til sals i turistinformasjonane og der du overnattar.



© Sverre Hjørnevik Fjord Norway AS



© Sverre Hjørnevik Fjord Norway AS



www.sognefjord.no

AURLANDSDALEN – Dyreliv • Planteliv • Fotturar • Fiske

Den vidgjetne og sagnomsuste Aurlandsdalen strekkjer seg frå Vassbygdi (50 m.o.h.) og går i sydaustleg lei til Geiteryggen (1218 m.o.h.) på vasskilet mot Hallingdal. Dette sjeldan vakre og ville dalføre med tilhøyrande høgfjell har i uminnelege tider hatt stort verd. Så seint som i år 1850 var det tilsaman 10 gardsbruk og husmannsplassar i Aurlandsdalen – Almen, Sinjarheim, Teigen, Berekvam, Skorsgarden, Nesbø, Vikaneset, Aurviki og to gardsbruk i Aurdalen (Østerbø). Sistnemnde gardsbruk låg høgst (820 m.o.h.) og lengst framme i dalen. I dag er alle gardar fråflytta. I Aurlandsdalen med sidedalar finn ein dei beste beiteområdar på Vestlandet. I høgfjellet omkring dalen er det verdfulle jaktfelt for villrein, og i vassdraget er det aurefiske.

Vegen gjennom Aurlandsdalen frå Hol til Aurland er ein av dei gamle ferdsselsvegane mellom Austlandet og Vestlandet. Naturelskarar av alle slag har ned gjennom tidene skildra denne vegane og dalføret. Den første kjende skildringa gav kunstmålaren Johannes Flintoe med teikningane og målarstykkane sine etter ei ferd gjennom dalen i år 1819. I gamle bøker og blad kan ein lesa skildringar om venleik og villskap i natur og landskap, om folk og fê, trollskap og overtru, drapsmenn og fredlause, engelske lordar på reinsjakt, flora og fauna, sjeldan strevsame likferder, tragiske hendingar og meir morosame tilfelle.

Startar ein fotturen gjennom Aurlandsdalen frå Geiteryggen, er det om lag 3 timars marsj til Stemmerdalen. Under heile marsjen har du synet av høge fjelltoppar, snøbrear, blinkande fjellvatn og elva nede i dalføtnane. I Stemmerdalen, finn du Steinbergdalen Turisthytte, opna av DNT år 1895, som nå er stengt. Stemmerdalen har vore fêlæger og driftkarane sitt rike gjennom uminnelige tider. På baa sider av dalføre finn ein veldige vidder med beiteområde. Stemmerdalen var bygdealmenning der alle kunne la fêet sitt beita fritt.

Framleis står det att fleire steinbuer eller sel der driftkarane heldt til i sommerrånadane. Ved Stemmerdalen (Steinbergdalen) er det busstopp med moglegheit for buss til Østerbø. Neste etappe på turen heim Aurlandsdalen blir ein 4 timars marsj frå Stemmerdalen til Østerbø. På denne turen vil du nytta den finaste utsikt over høgfjell og vidde. Skilta langs vegen saman med forklaringane i denne brosjyren vil gi deg opplysning om særleg fine utsiktspunkt, om nedlagde stølar og namn på elvar og vatn. Ein bør nemne utsikten mot Aurdalen frå Grønnestølskleivi. Østerbø er området omkring Aurdalsvatnet. Av dei to gardsbruka der, vart det siste nedlagt så seint som i år 1907. Alle som kjem dit bør vitja den

vesle kyrkjegarden. Dette at fjellfolket måtte få sin eigen kyrkjegard, vitnar om kor lang og vanskeleg vegen var heim til bygdi og kyrkja. Østerbø er ei perle av vakker natur. På dei flate, grønkledde vollane omkring Aurdalsvatnet finn ein turisthyttene, som er bygde på tuni av dei gamle gardane.

Den siste etappen på fotturen strekker seg frå Østerbø til Vassbygdi. Det vert rekna som ein dagsmarsj på 6–7 timar. Her vil ein finna Aurlandsdalen urørd av kraftutbygging eller andre moderne inngrep i natur og landskap. Stien går langs gjel og juv, gjennom galdar og ned bratte stup, omkransa av høge, sundrivne fjellformasjonar og gir fotturisten eit ugløymande minne. Ein bør stansa opp ved tuni på dei gamle gardane Nesbø, Sinjarheim og Almen. Mange av dei gamle husa står der framleis og vitnar om farne tider. Elles knyter det seg soger og segner til mange av dei meir sjeldne namna på stader ein møter på vegen. Ein kan nemne den merkelege jettegryta med ei tjønn, nemnt Vetlahelvet. Like ved stod den tidlegare Likbjørki, eit tre der dei hengde lika opp om natta til vern mot rovdyr på vegen heim til kyrkjegarden i Aurland. Når ein ser at stova i Almen er plassert under ein kjempestor stein for å stå trygt for steinsprang, så vil ein kvar kunna tenkja seg alle dei vanskar folka hadde.

Dyreliv (fauna)

I høgfjellsområda i Aurland er det villreinen som dominerer dyrelivet. Hjorten heldt til nede i dei skogkledde liane. Andre villdyr er jerv, rev, mår, røysekatt, mink og oter. Av alle dei talrike fugleartane som hekker i Aurlandsdalen vil me nemne kongeørna, som ikkje er noko uvanleg syn å sjå krinsa høgt oppe over dal og fjell.

Planteliv (flora)

Takka vere den store variasjonen i landskapet, den geologiske strukturen og klimaet, er plantelivet i Aurlandsdalen rikt og vekslende. Her kan blome-elskarar gle seg over mange fargerike blomar, og botanikarar kan fråtse i meir sjeldne planter. Tidleg om våren blømer raudsildra (*saxifraga oppositifolia*) og seinare kan den praktfulle bergljilja (*saxifraga coteledon*) finnast i store mengder. Ja, i einskilde år kan heile fjellsider bli dekkja av denne vakre blomen. Av meir sjeldne planter som finst kan ein nemne kvanne (*angelica archangelica*) og vill rabarbra (*rheum undulata*).

Fotturar

Overnattingstadane i Aurlandsdalen er gode utgangspunkt for kortare eller lengre fotturar rundt om i fjella. Ved kortare turar kan ein nytte kartet i denne brosjyra. Vil ein lenger inn i fjellheimen er det naudsynt med kart i større målestokk. Fotturar kan også kombinerast med bussreiser oppover eller nedover i dalen.

Fiske

Sportsfiskarar som vitjar Aurlandsdalen vil finna mange gode plassar for aurefiske både i vatn og elvar. Begge overnattingstadane på Østerbø sel fiskekort som gir høve til fiske både i hovedelva og til ei mengd fiskevatn inne på fjella.



© Knut Fredrik Øl www.aurland-fjellstyre.no



© Sverre Hjørnevik Fjord Norway AS



© Sverre Hjørnevik Fjord Norway AS

Tegnforklaring

1. Geiteryggen Turisthytte. Oppmerka turøyper til Aurlandsdalen, Finse, Raggsteindalen og lungsdalen over Kongshelleren.
2. Vasshedlerbrotet. Høgdeområde på veggen mot Aurlandsdalen. Vegskilje-sti om Bolhovdskaret til Kongshellerhytta.
3. Raossdøla – elv.
4. Fjelltoppen Bolhovd (1508 m.o.h.) med Bolhovdskaret i bakgrunnen.
5. Breibakkao – elv
6. Driftaskard – utsikt mot Stemmerdalen.
7. Kongshelleren – D.N.T. sjølvbetjeningshytte opna år 1981.
8. Kleivadvn – utsikt over Stemmerdalen, på veggen mot Kongshelleren.
9. Stemmerdalen – fèlæger.
10. Steinbergdalen Turisthytte – Stengt
11. Skoradn – utsikt mot Øyestølsvatnet og Øyestølen.
12. Nøsi – gamal støl tilhøyrande Turli og Ås i Aurland.
13. Grønø – elv.
14. Grønøstølen – nedlagt støl.
15. Grønøstølskleivi – utsikt mot Aurlandsdalen.
16. Liaskori – utsikt mot Aurdalen/den nedlagde stølen Li nedanfor.
17. Østerbø – området er av bygdefolket nemnt som Aurdalen, men fleire nedlagde gardsbruk. I dag delt på to bruk. Østerbø Fjellstove og Østerbø Turisthytte.
18. Fjellkyrkjegarden på Østerbø.
19. Langedøla – elvi gjennom Langedalen.
20. Viki – gamal gard nemnt Aurviki med husmannsplassen Vikaneset.
21. Oppmerka turistløype over Kringledalen til Stondalen.
22. Nesbøgalden – veg utsprennt i fjellsida i 1930 åri. Tidlegare kunne folk ferdist her på trebru og i «Nesbøstigen».
23. Gravdalen – drifteveg brukt for Nesbøgalden vart utsprennt.
24. Nesbø – fråflytt gardsbruk.
25. Tirtesva – vegskilje. Herfrå til Bjonnstigsletta nr. 33 går det to vegar. Den gamle ferdselsvegen for folk og fè gjekk heim Nesbøteigane, over stølen Holmen, ned Bjonnstigen til Bjonnstigsletti. Vegen langs elvi til Heimrebø (29) vart utspennt i år 1952 for å gjera kløvtransporten lettare. Først/ vegen langs elvi:
26. Buflåten – gamal vade plass over elvi ved liten vassføring om hausten.
27. Grimevodlen – med Dalarteigsgrovi.
28. Søndreli – beiteplass for fèet frå stølen Holmen.
29. Heimrebø – eldre buplass. Mykje nytta som kvile- og overnattingsplass for driftfèet. Lun plass med gode beite.
30. Skogaskori.
31. Berekvamsbrui. Bru over elvi til den fråflytta garden Berekvam, og vidare til «Vestfjelli» forbi stølen Berdalen. Vegen vart mykje nytta av drifttekarane i Stemmerdalen.
32. Berekvamsbrennevinet - vasskjelder som aldri frys til og som har same vassføring til alle årstider. Tivesje vert slike vasskjelder kalla av bygdefolket.
33. Bjonnstigsletti – her møtest turøypa langs vassdraget og løypa over stølen Holmen-Bjonnstigen. Frå Tirtesva (25) over Holmen-Bjonnstigen til 33.
34. Bjødnahola – det vert fortalt at her var det siste bjørnefallet i Aurlandsdalen.
35. Skrubbadn
36. Dalasteigen. Namnet fortel at det vart betalt ein dalar for arbeidet med slåtten av denne teigen.
37. Holmen – støl tilhøyrande garden Vinjane i Aurland.
38. Utsikten ovanfor Bjonnstigvarden. I eldre tider var det ein trestokk ved dette utsiktspunktet, der ferdafolk kunne skjera inn namnet sitt. No er det komen ein ny trestokk til samme bruk. Å lesa desse namnetrekki var av stor interesse for seinare fjellvandrarar.
39. Bjonnstigvarden. Kunstmålaren Johannes Flintoe gjorde varden landskjent då han på si ferd gjennom Aurlandsdalen i år 1819 måla «Utsikt frå Bjonnstigvarden». Dette målarstykket heng no i Nasjonalgalleriet, Oslo.
40. Bjonnstigen – den bratte nedstigningen frå Bjonnstigvarden, ned Bjonnstigbakken til Bjonnstigsletti.
41. Grunnlaushedli eren. Like ved den hedleren stod Likbjørki, som hadde namnet sitt frå den tidi dei måtte hengja opp lik der om natti til vern mot rovdyr under den vanskelege transporten til kyrkjegarden i Aurland.
42. Vetlahelvete – eit særmerkt namn på ei jettegryttegryte med ei tjønd som det er knytta mange soger til.
43. Eugendhedleren – det har levd på folkemunne at her kunne ein i regntunge haustkveldar møta ein mann som bar hovudet under armen.
44. Søvavatnet – oppkome med jamn vassføring som ikkje frys (tivesje).
45. Vegskilje til stølen Skori. Før ny veg vart opparbeidd langs elvi i dalbotnen, tok den gamle vegen av her og gjekk over stølen Skori.
46. Skorsgarden med Bakkagrovi – ved Skorsgarden er det tufter etter gamal busetnad.
47. Storemuren. Denne muren, saman med utsprenning av fjellet ovanfor gav veg langs elvi.
48. Vegskilje til Bridlebrui. Vegen over Bridlebrui fører til den fråflytta garden Teigen. Stova på Teigen står enno. Denne vegen er oppmerka som turistløype over stølane Frivodlen og Hovdungo til Stondalen.
49. Svinasletti – namnet på ei oppkome som aldri turkar ut (tivesje). Svinasletti var kvileplass for drifttekarane med fèet sitt på vegen fram gjennom dalen.
50. Vegskilje til stølen Skori. Like nedanfor kryssar me Veiverdalselvi.
51. Sinjarheim – gard som vart fråflytta i 1922. Husa er restaurerte.
52. Sinjarheimsgalden – veg utsprennt i fjellet år 1863.
53. Grovselvi – elvi har namnet sitt frå nokre myrar på fjellet Grov.
54. Alma-uradn – med Kaldaholet. Eit kaldahol er eit holrom i fjell eller ur, som heldt den same kjølege temperatur året rundt. Like nedanfor kryssar me Kraokegrovi, kjem frå Kraokegjelet.
55. Almen med Almastova – Almen var eit mindre gardsbruk som vart fråflytta omkring 1890.
56. Almamulen – utstikkande fjellnos.
57. Kjerring-urdi – segni fortell at ein av eigarane av garden Almen kvitta seg med ei av konene sine i denne urdi. Flatthedlao.
58. Konnschedleren – stor og romsleg hedler som ved einskilde høve har vore brukt til lagringsplass for korn.
59. Raudskredao – her har det ned gjennom tidene gått fleire store steinsprang.
60. Vetlehagen – elvamøte Aurlandselvi og Stondalselvi.
61. Kalvasvelguri – veldige steinmassar etter steinskreda som gjekk då berghammaren ved Kalvasvelget ramlar ut i år 1905.
62. Vassbygdli.



Aurland
taxi
90 13 08 08

(+ 47) 90 13 08 08

taxi fra
1 - 16 personer

Take a taxi !!
www.aurlandtaxi.no



Aurland
Sparebank

www.aurlandsparebank.no post@aurlandspartebank.no

Velkommen til Aurland